

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/11848-1

Skuleskyss vidaregåande opplæring 2015/2016 - Klage på vedtak

::: [Sett inn innstillingen under denne linja](#) ↓

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet som klagenemnd tek ikkje til følgje klagen frå Arne Bjelde Hustveit med føresett.

::: [Sett inn innstillingen over denne linja](#) ↑

... [Sett inn saksutredningen under denne linja](#) ↓

Vedlegg:

Vedtak om tilbakekalling av skuleskysskort dagsett 08.10.15

Klage på tilbakekalling av skuleskysskort dagsett 21.10.15

Brev frå fylkeskommunen dagsett 04.11.15

Brev får klagar dagsett 10.11.15

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Vedtak om skuleskyss

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen er ansvarleg for skuleskyss etter opplæringslova § 13-4. Elevar i vidaregåande skule har rett til gratis skuleskyss dersom avstanden mellom skulen og eleven sin heim er meir enn 6 kilometer, sjå oppl. § 7-2.

Tidlegare produserte dei vidaregåande skulane skuleskysskort. Etter innføringa av elektroniske skuleskysskort skuleåret 2014/15 er det fylkeskommunen v/samferdsleavdelinga som produserer skuleskysskorta. Fylkeskommunen har såleis betre oversikt over kvar elevane bur, noko som gjer at ein har moglegheit til å måle nøyaktig avstand mellom heim og skule.

Ved starten av skuleåret 2015/16 vart dei fleste skuleskysskorta produsert på bakgrunn av inntakslista til dei ulike skulane eller utfylt søknadsskjema. Dette vart gjort for at flest mogleg skulle få korta raskt i hende etter skulestart. For ein del elvar måtte det også hentast inn fullstendige adresser, eller gards- og bruksnummer for dei som ikkje har gateadresse. I vedtaksbrevet om skuleskyss står det at «*avstanden mellom heim og skule kan verte kontrollmålt av fylkeskommunen, og vedtaket verte oppheva dersom det viser seg at avstanden ikkje er lang nok til at du har rett til fri skuleskyss*».

Føremålet med kontrollmåling er at alle elevane får lik handsaming etter opplæringslova § 7-2. Etter kontrollmåling av avstand ved bruk av www.fylkesatlas.no viste det seg at nokre elevar har fått skuleskysskort på feil grunnlag.

Arne Bjelde Hustveit er elev ved Sogndal vidaregåande skule. Ved starten av skuleåret 2015/16 vart han innvilga gratis skuleskyss, og tildelt elektronisk skulekort.

Ved kontrollmåling fant fylkesdirektøren at avstanden mellom eleven sin heim og skule er 5 750 meter. Arne Bjelde Hustveit har såleis ikkje rett på gratis skuleskyss etter oppl. § 7-2. Fylkesdirektøren gjorde difor om opphavleg vedtak om gratis skuleskyss, og kalla attende skuleskysskortet.

Føresatt, Olaug Marie Bjelde, klaga i brev av 21.10.15 på fylkeskommunen sitt vedtak.

Fylkesdirektøren for samferdsle har vurdert saka på nytt, men har ikkje funne grunnlag for å gjere om vedtaket.

Fylkesutvalet er klageinstans for vedtak om skyss, sjå delegeringsreglementet punkt 3.21 nr. 4 og Reglementet for fylkesutvalet § 4.

2. Klagaren har i hovudsak gjort gjeldande

Klagar ber om at Arne framleis får gratis skuleskyss, subsidiært at han får gratis skuleskyss denne vinteren/dette skuleåret. Klagar meiner skulevegen er farleg og vanskeleg, og syner særskilt til Loftesnesbrua, og at det i år skal startast arbeid i området i samband med bygging av ny bru. Klagar hevdar også at fortau og gang- og sykkelveg på skulevegen ikkje alltid er brøytt, strødd og opplyst, og at Arne i desse tilfella må gå på riksvegen.

Vidare syner klagar til at både føresette og eleven har innretta seg etter det opphavlege vedtaket om skyss.

Klagar peikar også på at dei ikkje fekk høve til å uttale seg før fylkesdirektøren si avgjerd om å kalle tilbake skuleskysskortet.

3. Vurderingar og konsekvensar

3.1 Sakshandsaming

I klagen har føresett til Arne Bjelde Hustveit gjort gjeldande at dei ikkje fekk høve til å uttale seg i forkant av fylkesdirektøren si avgjerd om å kalle attende skuleskysskortet.

Klagar har gjennom klage ved brev av 21.10.15, samt brev dagsett 10.11.15, uttalt seg i høve klagesaka. Saka er såleis godt opplyst før fylkesutvalet si handsaming av saka. Brev fra klagar ligg ved saksframlegget. At Arne Bjelde Hustveit ikkje fekk høve til å uttale seg før fylkesdirektøren si avgjerd om tilbakekalling av skuleskysskortet er ikkje av tyding for fylkesutvalet si avgjerd.

3.2 Realitetshandsaming av klagen

Klagar har gjort gjeldande at skulevegen til Arne Bjelde Hustveit er farleg og vanskeleg. I brev av 21.10.15 og brev av 10.11.15 framhevar klagar særleg Loftesnesbrua som ei farleg strekkje på skulevegen. Elevar i grunnskulen som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda, jf. oppl. § 7-1. Det finst ingen tilsvarande unntaksregel frå avstandsgrensa for elevar i vidaregåande opplæring, sjå oppl. § 7-2. Elevar i vidaregåande skule har såleis ikkje rett til gratis skuleskyss på bakgrunn av at skulevegen er farleg eller vanskeleg. Dette har saman-heng med at alderen til elevane i vidaregåande skule tilseier at dei skal greie å ferdast i trafikken sjølv om tilhøva ikkje er optimale. Sjølv om elevar i vidaregåande opplæring uansett ikkje har rett på gratis skuleskyss på grunn av farleg skuleveg, vil fylkesrådmannen påpeike at Loftesnesbrua har eit eige felt for gåande, og at det er fartsgrense 50 km/t over brua.

Føresett til Arne Bjelde Hustveit hevdar at fortau og gang- og sykkelveg på skulevegen ikkje alltid er brøytt, strødd og opplyst. Det følgjer av forarbeida til opplæringslova § 7-2 at «skulevegen skal reknast frå dør til dør etter farande veg». Med omgrepet «farande veg» forstår ein veg som er open for allmenn ferdsel, enten med køyretøy eller til fots. Både privat veg, offentleg veg og gangveg kan reknast som farande veg. Som det blir påpeika i brev frå samferdsle-avdelinga av 04.11.15 inneber «farande veg» ikkje noko krav om at det skal vere gatelys eller fortau. Det avgjerande er om vegen er open for ferdsel og framkomeleg.

Vegen som eleven går til skulen, riksveg 5 Sogndal – Kjørnes, blir drifta av Mesta. Ved underinstansen si handsaming av klagen kontakta sakshandsamar difor Mesta. Prosjektleder hjå Mesta svarte følgjande på spørsmål om brøyting av vegen i e-post dagsett 04.11.15: «*Gang og sykkelvegen Rv 5 Sogndal – Kjørnes skal starte brøyting på 3cm, og vere brøyta til kl 6.*» Sakshandsamar opplyste om dette i brev til klagar dagsett 04.11.15, sjå vedlegg.

Klagar svarer i brev dagsett 10.11.15 at ho «*trur Mesta vil ha store problem med å påsta og dokumentere at gang – og sykkelvegen Kjørnes- Sogndal er ferdig brøtt til 06.30 når det er påkrevd – det tidspunktet barna og ungdommane med skulestart 08.00 må gå der*». Klagar skriv også at det «*er uinteressant for ungdommane på Kjørnes om Mesta «startar brøyting» (dykkar uttrykk) klokka 06 så lenge gang- og sykkelvegen og brua dei må gå ikkje er brøytt og framkommeleg for fotgjengarar til det tidspunktet dei må gå der*». Til dette vil fylkesrådmannen presisere at Mesta har opplyst at gang- og sykkelvegen skal vere brøyta til kl. 06.00, ikkje til kl. 06.30 slik klagar hevdar. Som sakshandsamar skriv i brev av 04.11.15 skal Arne «*difor ikkje måtte gå i riksvegen pga. mykje snø på strekninga der det er gang- og sykkelveg*». Fylkesrådmannen legg til grunn at vegen er ferdig brøyta til kl. 06.00, slik Mesta skriv i e-posten til fylkeskommunen.

Klagar har også gjort gjeldande at både eleven og føresette har lagt opp kvardagen og transportbehovet dette skuleåret ut frå at Arne vart innvilga skuleskyss. Fylkesrådmannen påpeikar at det vart opplyst i vedtaksbrevet at avstanden kan verte kontrollmålt og vedtaket oppheva, dersom det viser seg at avstanden ikkje er lang nok til at eleven har rett på gratis skuleskyss. Fylkesrådmannen framhevar at bakgrunnen for kontrollmålinga er at er at alle elevar skal få lik handsaming etter opplæringslova § 7-2.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen sluttar seg til fylkesdirektøren si vurderinga av denne saka. Etter fylkesrådmannen sitt syn er det ikkje grunnlag for å gjere om fylkesdirektøren for samferdsle sitt vedtak om tilbakekalling av skuleskysskortet.

Avstanden mellom skulen og eleven sin heim, målt frå dør til dør etter farande veg, er 5 750 meter og såleis under avstandsgrensa i oppl. § 7-2.

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å oppretthalde fylkesdirektøren for samferdsle sitt vedtak om tilbakekall av skuleskysskort for Arne Bjelde Hustveit.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)